



O.K. Charter AS  
Vestbygdvegen 11  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykker:  
Vår: 15/1332 - 17/6200

Saksbehandlar:  
Tore Johan Erstad  
tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:  
28.03.2017

## Godkjenning - GBNR 54/13 - Løyve til etablering av tilkomstveg til fritidsbustad på gbnr 54/37

**Administrativt vedtak. Saknr: 90/2017**

**Tiltakshavar:** Steinar Korneliussen  
**Ansvarleg søker:** O.K.Charter AS /Stusdal VVS AS  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (tbl.) § 20-1

### SAKSUTGREIING:

#### Omsøkt tiltak:

Føreliggjande vedtak gjeld følgjande tiltak/søknader:

- (1) Gjennom søknad m/ vedlegg journalført 24.09.2015, supplert sist 28.03.2017, har tiltakshavar Steinar Korneliussen søkt om løyve til opparbeiding av tilkomstveg, parkeringsplass og grøft for vassleidningar over gbnr 54/13 fram til fritidsbustaden på gbnr 54/35 i Meland kommune, jf plan- og bygningslova (tbl) § 20-1.
- (2) Stusdal VVS har gjennom søknad m/vedlegg journalført 28.03.2017 søkt om løyve etter pbl § 20-1 til opparbeiding av vatn- og avlaupsanlegg til fritidsbustaden på gbnr 54/34.
- (3) Stusdal VVS har gjennom søknad m/vedlegg journalført 28.03.2017 søkt om tilkopling til kommunalt vassforsyningasanlegg .
- (4) Stusdal VVS har gjennom søknad m/vedlegg journalført 28.03.2017 søkt om løyve til utslepp til sjø etter forureiningslova.

Saka var komplett og klar for handsaming ved mottak av søknad om supplerende dokumentasjon, som blei signert av tiltakshavar 24.03.2017 og journalført motteke 28.03.2017.

#### **VURDERING:**

##### Plan- og lovgrunnlag:

Den omsøkte eigedomen ligg i eit uregulert område som i kommuneplanen sin arealdel (KPA) er avsett til landbruks-, natur- og fritidsformål (LNF), men gjennom vedtak frå Utval for drift og utvikling (UDU) av 05.09.2016 blei det gitt naudsynt dispensasjon frå KPA for tiltaka som det no blir søkt om, sjå UDU-sak 55/2016.

Når det gjeld supplerande søknad om utslepp til sjø og etablering av rørtrasé og septiktank på gbnr 54/32, krev dette tiltaket ikkje dispensasjon, korkje frå arealformålet for fritidseigedomane eller byggjegrensa mot sjø.

##### Nabovarsling og privatrettslege høve:

Tiltaket har vore nabovarsla gjennom dispensasjonsbehandlinga. Det har ikkje vore merknader frå andre enn grunneigar av gbnr 54/13, som har gjort gjeldande at tiltakshavar ikkje har naudsynte privatrettslege rettar til å kunne gjennomføre tiltaket. Desse motseguna mot tiltaket har vore vurdert av Fylkesmannen i Hordaland gjennom klagehandsaming.

Korkje dispensasjonsvedtaket eller føreliggjande løye etablerer nye eller meir omfattande privatrettslege retter enn tiltakshavar har frå før. Vedtaka bygger på at det ikkje er "åpenbart" at tiltakshavar – med grunnlag i framlagt erklæring dagsett 04.07.1996 – ikkje har rett til å gjennomføre omsøkt tiltak, jf pbl § 21-6. Kommunen tek ikkje stilling til privatrettslege høve ut over å konstatere at det ikkje er grunnlag for å avvise søknaden på eit slikt grunnlag.

Grunneigar av gbnr 54/13 har vore nabovarsla på nytt om tiltaket som gjeld etablering av septiktank, rørtrasé og utslepp til sjø (tilkopling og utslip). Dette tiltaket ligg ikkje på gbnr 54/13, men går over fritidseigedomane 54/37, 54/34 og 54/32. Eigarane av desse fritidseigedomane er samd om tiltaket, og gjennom erklæring og avtale journalført motteke 01.03.2017 har tiltakshavar dokumentert naudsynte privatrettslege rettar til at kommunen kan godkjenne tiltaket.

##### Utforming, utsjånad, plassering og avstand frå nabogrenser:

Tiltaka si plassering, utforming og avstand frå nabogrenser blir vurdert til å vere i samsvar med gjeldande krav i pbl §§ 29-1, 29-2 og 29-4, jf vedlagte kart/situasjonsplan som viser høvesvis vegtrase og trasé for avlaupsleidning og plassering av slamavskiljar journalført høvesvis 24.09.2015 og 28.03.2017.

Vidare ligg det føre naudsynte erklæringer frå grunneigarane av gbnr 54/34 og 54/32 for etablering av rørtrasé og plassering av slamavskiljar.

Administrasjonen føreset at både vegtiltaket og rørtrasé i naudsynt grad blir tilpassa tilgrensande terreg og omgjevnadane elles, t.d. ved at det blir lagt på jord og/eller sådd til. Det blir stilt vilkår om godkjenning frå Bergen og Omland Havnevesen før tiltaket som gjeld avlaupsanlegg kan settast i gang.

### Tilkopling til kommunalt vassforsyningasanlegg:

Søknad frå Stusdal VVS AS om tilkopling til kommunalt vassforsyningasanlegg med vedlegg jurnalført 28.03.2017 blir godkjent som omsøkt. Kommunen godkjenner søknad om tilkopling til kommunal vassforsyning på dei vilkår og føresetnader som går fram av vedtaket nedanfor og med ansvarsrettar ovanfor. Rørtrasé skal vere som vist på vedlagt situasjonsplan jurnalført motteke 28.03.2017, men med den presisering at rørtrasé (grøft) kan følgje veggtiltaket i samsvar med situasjonsplan jurnalført motteke 24.9.2015.

### Utslepp frå ein fritidsbustad:

Det blir vist til søknad jurnalført motteke 28.03.2017, om utslepp, 20 pe, frå 4 fritidsbustader på Skjelanger. Fritidsbustadene søknaden gjeld er;

- gbnr 54/37(49)
- gbnr 54/35
- gbnr 54/34
- gbnr 54/32

I første omgang er det berre fritidsbustaden på gbnr 54/37,49 som blir tilkopla, men anlegget er dimensjonert for framtidig tilkopling av dei tre andre fritidsbustadene.

Utsleppet skal reinsast med ein 10m<sup>3</sup> slamavskiljar og derfrå i tett leidning til sjø. Det ligg føre felles erklæring og avtale mellom eigedomane om gjensidig rett til plassering, bruk og framtidig påkopling til anlegget. Slamavskiljaren skal plasserast som vist på motteke situasjonskart. På grunn av terrenghøgdene på staden, har kommunen gjort tiltakshavar og ansvarleg søker særlig merksam på at ein må avklare at slamavskiljaren kan tömmast med bil (løftehøgde maksimalt 8 meter). På bakgrunn av opplysningane frå ansvarleg søker legg administrasjonen til grunn at tiltaket stettar dette kravet.

Utsleppstaden ligg i eit mindre følsamt område. Utsleppsordninga det er søkt om er i samsvar med gjeldande krav i området, og Meland kommune kan difor gi utsleppsløyve på vanlege vilkår for slike utslepp i medhald av Forskrift om begrensning av forurensing § 12-5.

### Ansvar:

Det ligg føre følgjande erklæringer om ansvarsrett:

Føretak	Godkjenningsområde for funksjon og ansvar	Tiltaksklasse
OK Charter AS Org. nr 942 342 713	SØK, PRO og UTF, grunnarbeid og terrengutforming, UTF, grunnarbeid (VA-anlegg)	1
Stusdal VVS AS Org.nr 912 319 164	SØK, Grunnarbeid og utvendig vann og avlaupsleidningar (VA-anlegg) PRO og UTF, Utvendig vann og avlaupsleidningar	1

Administrasjonen gjer for god ordens skuld merksam på at det er ansvarleg søker sin plikt å samordne de ansvarlige prosjekterande, utførande og kontrollerende, og til å sjå til at alle oppgåver er belagt med ansvar, jf pbl § 23-4.

**VEDTAK:**

1. Meland kommune gir i medhald av Plan- og bygningsloven (pbl.) § 20-1 løyve til opparbeiding av tilkomstveg, parkeringsplass og grøft for vassleidningar over gbnr 54/13 i Meland kommune i samsvar søknad m/ vedlegg journalført 24.9.2015, supplert sist 28.03.2017

Tiltaket si plassering og utforming, skal vere som vist på vedlagte situasjonsplan journalført motteke 24.9.2015. Tiltaket skal elles utførast i samsvar med krav stilt i eller i medhald av pbl.

Ansvar i saka gjeld i samsvar med innsendte erklæringer, jf saksutgreiinga ovanfor. Løyvet fell bort dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år eller dersom tiltaket blir innstilt i lengre tid enn to år, jf. pbl. § 21-9.

2. Meland kommune gir i medhald av pbl § 20-1 løyve til opparbeiding av VA-anlegg over gbnr 54/37(49), 54/34 og 54/32, med plassering og utforming som vist på vedlagt situasjonskart journalført motteke 28.03.2017. Det gjeld følgjande vilkår for løyvet:

- Før tiltaket som gjeld avlaupsanlegget kan settast i gang, skal det ligge føre godkjennung frå Bergen og Omland Havnevesen om plassering av leidning i sjø. Dokumentasjon for vedtak skal sendast Meland kommune.

Ansvar i saka gjeld i samsvar med innsendte erklæringer, jf saksutgreiinga ovanfor. Løyvet fall bort dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år eller dersom tiltaket blir innstilt i lengre tid enn to år, jf. pbl. § 21-9.

3. Meland kommune godkjenner at gbnr 54/34 blir tilknytt kommunalt vassforsyningasanlegg på følgjande vilkår:

- Tilknytinga skjer på dei vilkår som kommunen har fastsett i forskrift, retningsliner og leveringsavtale.
- Alle sanitærinstallasjonar skal følgje standard abonnementsvilkår for vatn og avlaup, Kommuneforlaget.
- Tilknytinga skal skje i kum. Melding med dokumentasjon frå utførande røyrleggjar skal sendast kommunen når tilknytinga er utført.
- Dersom De ønskjer å leige vassmålar må det gjevast melding til kommunen.
- Gebyr skal betalast i samsvar med gjeldande gebyrregulativ. Pr 1.1.2017 er tilknytingsgebyret for vatn kr 20 000,- + mva.

4. Meland kommune gir i medhald av Forskrift om begrensing av forurensing § 12-5, utsleppsløyve for ein fritidsbustad på gbnr 54/37(49) i samsvar med søknad journalført motteke DD.MM.2017 og på følgjande vilkår:

- Avlaupet skal gå vi slamavskiljar på 10m<sup>3</sup> av godkjend type.

- Frå slamavskiljar skal avlaupsvatn førast i tett leidning og ut i sjø til minimum 10 meter under middel vasstand.
- Slamavskiljar skal plasserast slik at den kan tømmast med slamsugebil i samsvar med vedtekter for slamtømming.
- Eigedomen skal betale slamgebyr til kommunen i samsvar med gjeldande gebyrregulativ.

\*\*\*\*\*

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det blir klagat på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvært. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga blir ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det blir kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad  
Juridisk rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

GBNR 54-13 - Situasjonskart - Godkjent vegtrasè  
kart  
GBNR 54-34 - Godkjent rørtrasè og slamavskiljar - VAtiltak